



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Deres ref.: 14/1674

Vår ref.: LMD 2014/FA2

Dato.: 26. november 2014

Vedrørende høring av ny forskrift om tilskot til avløsning ved sjukdom og fødsel m.v.

Norske Landbrukstenester (NLT) syner til departementet sitt høringsbrev av 17. oktober 2014 hvor frist for merknadar er sett til 1. desember 2014.

Generelt så vil vi påpeike at fleire av dei endringane som er foreslått ikkje vil føre til ei forenkling av ordninga, lette arbeidet i forvaltninga eller til betre velferdsordningar for bonden. Det er diverre gjort lite eller ingen konsekvensutgreiing, som ligg til grunn for endringsforslaga. Vi er redd for at eit resultat av dei føreslegne endringane innanfor velferdsordningane i landbruket er med på å gjera dyrevelferden dårlegare.

NLT sine hovudsynspunkt er:

- **Ordninga må ikkje gjerast meir fleksibel ved å gå vekk frå eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold, og opne opp for kjøp av tenester frå andre.**
- **Ordninga vert svekka ved at søker ikkje kan velja å overføra tilskottet til avløysarlag/-ring.**

Ordninga må ikkje gjerast meir fleksibel ved å gå vekk frå eit arbeidstakar/ arbeidsgjevarforhold, og opne opp for kjøp av tenester frå andre.

I ny forskrift ønskjer ein å gjera ordninga meir fleksibel ved å gå vekk frå kravet om at det berre er lønsutgifter til eigen tilsett avløysar, landbruksvikar eller avløysar tilsett i avløysarlag/-ring som gjev rett på tilskot. Det vert opna for kjøp av avløysartenester frå andre så lenge tenesta vert knytt til jordbruksføretaket si drift. Det er berre dersom føretaket lønar sjølv at det vert krav om eit arbeidsgjevar/arbeidstakarforhold.

Norske Landbrukstenester meiner at den føreslåtte endringa vil:

1. Føre til svekka beredskap og dårlegare tilgang på kvalifisert arbeidskraft

Avløysarlaga har i dag ei plikt til å stille med kvalifisert arbeidskraft ved sjukdom og kriser, uavhengig av om bonden er medlem i avløysarlaget eller ikkje. 240 årsverk blir dekkja av landbruksvikarordninga og 350-400 årsverk utanom. For å kunne stille denne beredskapen er avløysarlaga avhengig av tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

For å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft har landbruket valt å organisere seg i avløysarlag. Denne organisasjonsforma har ved god personalhandsaming, ordna løns- og arbeidsvilkår, kursing og etter- og vidareutdanning bygd opp avløysaryrket til den status det har i dag. Vi er redd for at den spesialiserte kompetansen kan verta svekka ved å opne opp for kjøp frå andre.

Velfungerande velferdsordningar er ei forutseting for eit landbruk over heile landet. Erfaringar syner at dette er eit viktig moment for både rekruttering til næringa, og for at bonden skal bli værande i næringa. Sjansen for å få fri, ta seg ferie og ikkje minst ha tilgang til hjelp ved sjukdom og kriser, er viktige faktorar for trivsel som bonde og for dyrevelferden.



2. Omgåing av regelverk

Fakturerbare tenester skal knytte seg til jordbruksføretaket si drift, men det er opp til den einskilde å bestemme kva dette er. Det vert heller ikkje stilt noko krav til eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold som i dag. Vi er ikkje redd for konkurranse frå seriøse aktørar, men fryktar at sjølvstendig næringsdrivande organisert i frå utlandet vil omgå minstelønnstabell som er allmenngjort for jordbruk og gartneri.

Ordninga vert svekka ved at søkjer ikkje kan velja å overføra tilskottet til avløysarlag/-ring.


Til liks med forslag i høyring om ny forskrift om produksjon- og avløysartilskot ønskjer departementet å ta vekk valet den einskilde brukar/medlem har til å overføre refusjonsmidlane til avløysarlag/-ring. Argumentasjonen som vert nytta er at det er prinsipielt uheldig å betale ut tilskot til ein utanforståande juridisk tredje person. Argumentet vert feil. Dette er ei refusjonsordning og ikkje ein tilskotsordning, og avviker dermed frå andre ordningar. Dermed er det heller ikkje noko i vegen for at transport av beløp til utbetaling kan gjera det same.

- Dette er i dag en frivillig ordning der nærare 100 % av medlemmer i lag vel å overføra refusjonen til laget.
- For den einskilde brukar vert det fort store utgifter å forskottere ved sjukdomsavløysing. Vi ser eksempel der kostnadene fort kommer opp i kr. 60.000,- pr. mnd. Når vi samtidig veit at einskilde kommunar og NAV har lang handsamingstid, kan det fort ta 3 - 6 mnd før utgifter vert refundert. Mange lag forskottere i dag utgiftene for medlemmene inntil de blir refundert. Med dårlegare likviditet i laga vil ein ikkje kunne fortsette med dette. Vi er redd for at dårleg likviditet fører til at bonden ikkje ser seg råd til å leige hjelp under sjukdom, med dyretragediar som yttarste konsekvens.

Andre kommentarar

- Tilskot ved sjukdom og tilskot ved ferie/fritid bør vera i same forskrift, som i dag. Begge ordningar er ei refusjonsordning og ikkje direktetilskott.
- Det er positivt at det er gjort justeringar for å oppdatere forskrifta i forhold til gjeldande regelverk og retningslinjer.
- Krav til næringsinntekt på minimum ½ G må hentast frå dei to siste godkjente likningsår.
- Nye brukere må slippe krav om å søke dispensasjon frå næringsinntekt, då dei uansett ikkje kan syne til næringsinntekt frå før dei starta som brukere.
- I dag er det ingen avkorting for sjukepengar ved tilskot ved dødsfall. Denne teksten er utelatt i ny forskrift, sjølv om det i departementet sine merknader står at dette er ei vidareføring av noverande § 10.
- Ein bør samle mest mogleg av reglane i forskrift for å behalde oversikten. Dette gjeld og utmåling av refusjonen.
- Lønsinntekt og inntekt/sjukepengar frå anna næring bør ikkje trekkast frå før utbetaling av refusjon, då det i utgangspunktet er jordbruksnæringa som er grunnlag for refusjonen.
- I dag er søknadsfrist 3 månader etter siste dag som gjev rett til tilskot. I forslag til ny forskrift er søknadsfrist 3 månader etter dagen avløysinga fann stad, sjølv om det i merknader til forskrift er brukt anna formulering. Dette bør korrigerast slik at det stemmer med formuleringa som er nytta i dag.

Med helsing
Norske Landbrukstenester


Frode Alfarnes
Daglig leder


Harald Lie
Styreleder